



Møtereferat frå Offentleg møte: Energiutgreiing Vang kommune 2010

Sted og tid: 10.05.2010 klokken 20.00 til 22.45 i Møtesalen i Vang Energiverk sine lokaler

Frammøtte: Totalt 6 personar.

Til stede frå Vang Energiverk: Tor Masdal, Nils Arne Skeie og Lasse Nystuen Moen.

Møteinvitasjon vart gjort kjent gjennom lysning i avisa Valdres den 4. mai og kunngjort på Everket sine nettsider frå den 3. mai. Spesiell invitasjon vart sendt ut til Vang kommune.

Dette referatet og presentasjonen og den oppdaterte Energiutgreiinga for 2010 for Vang Kommune er å finne på Vang Energiverk KF sin heimeside www.vangenergi.no.

Møteleiar Tor Masdal ønsket velkommen.

Vang Energiverk sine representantar på møtet gjekk igjennom energiutgreiinga. Vedlagt til møtereferatet ligg lysbiletepresentasjonen som vart nytta under gjennomgangen.

Det vart brukt mest tid på desse sakene:

Befolkningsutvikling

Næringsstruktur

Vang Kommune sitt energibehov og alternativ til elektrisk energi.

Utvikling og prognoser for bruk og bygging av fritidsbustader

Utbygging av ny vasskraft, mikro, mini og småkraft.

Kapasitet i nettet, både lokalt og for heile distribusjonsnettet.

Utvikling i energiforbruk, både elektrisk og anna dei seinare åra.

Prognoser for utvikling av energiforbruk

Prognoser for effektbehov i nettet.

Utnytting av bioenergi spesielt ved, som alternativ energibærer.

Økonomiske vurderingar ved å nytte alternativ energi i nybygg, spesielt hytter.

Ny teknologi ved tovegskommunikasjon mellom Everk og nettkunde. Kan nyttas til direkte laststyring og differensierte priser motiverer kundane til redusert forbruk.

Innspel og spørsmål frå publikum:

Småkraft:

- Potensial i Vang kommune.
- Problematikk rundt fleire eigarar pr. vassdrag.
- Området er både teknisk, kommersielt og administrativt utfordrande for utbyggjar.
- Det meste av vatnet renn når prisane er låge.
- Fordelar med nye innmatingar i nettet ved redusert tap og auka spenning.
- Tekniske utfordringar i nettet ved småkraft.
- Samarbeid mellom utbyggjare i Vang kommune?
- Vang Kommune sitt initiativ med stønad til konsesjonsbehandling.

Energiproduksjon/Forbruk i Vang kommune

- Konsesjonskraft
- Overskott av kraft

Varmepumper:

- Effekten av varmpumper i Vang kommune?

Vang 11.05.2010

Tor Masdal- Referent